

SVEIO KOMMUNE
Sveio brann- og redningsvesen

Brannsjefen
Det kongelige justis- og politidepartement

Dykkar ref.: Vår ref.: 07/1116-2/07/12725 Arkiv: N-550 Dato:
17.12.2007

HØYRINGSUTTALE - UTDANNINGSREFORM FOR BRANN- OG REDNINGSTENESTA

Det blir synt til brev datert 29.10.07 vedkomande rapport om Utdanningsreform for brann - og redningstenesta der m.a. kommunane blir bedne om å koma med uttale. Vedlagt følgjer Sveio kommune sin uttale til nemnde utdanningsreform der me heilt kort kommenterer det som for vårt vedkomande er mest avgjerande i denne samanheng:

Etter vårt syn vil rekruttering til deltidsbrannvesen stoppa opp dersom grunnutdanninga blir heiltidsutdanning, t.d. ved ein fagskule. Tilsette har (eller får) ein annan hovudarbeidsgjevar, og då er det lite truleg at den einskilde sjølv vil ta kostnadene med reise, kost og evt. losji for å skaffa seg ei utdanning for ein deltidsstilling i den lokale brann- og redningstenesta (sjølv med studielån). Utdanning innan brann og redning må vera eit offentleg ansvar der det er staten si oppgåve å finansiera utdanninga.

Me seier oss lei for at me ikkje fekk sendt uttalen innan fristen 12.12.07, men håpar likevel at synspunkta blir tekne med i den totale vurderinga av den nye utdanningsmodellen for brannvesen.

Til slutt nyttar me høvet og ønskjer lukke til med det vidare arbeidet.

Med venleg helsing

Bjarne Hetlesæter
brannsjef

Postadresse:	Telefon:	Telefaks:	Org.nr.: Bankgiro:	E-post:
Postboks 40	53 74 80 00	53 74 80 01	864967272 3506 07 10323	postmottak@sveio.kommune.no
5559 Sveio				

Fakturaadresse:
Postboks 54
5559 Sveio